

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
v/Audhild Schaathun

6863 LEIKANGER

Vår ref.  
13/1025-2

Dykkar ref.

Arkiv  
K1-

Dato:  
06.01.2014

### Ang. søknad om omstillingsmidlar i 2014

Hovudutvalet for plan og næring gav i møte den 6. feb 2013 (HPN-sak nr. 5/13) Askvoll kommune omstillingsstatus for åra 2013 og 2014.

Vedlagte handlingsplan viser planlagt omstillingsaktivitet for 2014 med eit samla budsjett på kr 3 995 000. Av dette beløpet er det eit budsjettert behov for «nye» pengar tilsvarande Kr 3 550 000. Det resterande beløpet på kr 445 000, vert søkt overført frå tidlegare løyvde tilsegn. Handlingsplan 2014 er vedteken i omstillingsstyret den 27. nov og i kommunestyret den 16. des 2013.

Fylkeskommunen vert i 2014 søkt om eit tilskot på kr 2 331 000.

I tillegg søkjer vi om at ubrukte delar av løyvd e tilsegn vert overført til 2014. Aktivitetane i 2013 skal rapporterast innan utgangen av januar og først då vil vi ha full oversikt over brukte / ubrukte midlar.

Utviklingsplan for Askvoll, nærings- og omstillingsarbeid 2013-16 (vedteken av kommunestyret 17. des 2012), ligg til grunn for omstillingsarbeidet i 2014. Vi viser og til statusrapport for 2013, samt tilstandsrapport om omstillingsutfordringane. Programstatusvurderinga vart gjennomført den 7. november med fylkeskommunen tilstade, og endelege rapport skal vere motteken.

I Utviklingsplan 2013 - 16 har omstillingsstyret definert to programområde, arbeidsplassvekst og tilflytting. I 2014 vil ein fortsette arbeidet med å bidra til skape nye arbeidsplassar og styrke eksisterande, parallelt med at ein arbeider for å auke kommunen sin attraktivitet, både som bustad- og etablerarkommune.

Vi ser at omstillingsstatusen allereie har verknad i form av auka optimisme og framtidstru. Dette kjem bl.a. til uttrykk gjennom investeringslyst i næringslivet og auke i folketalet. Vi har tru på at det systematiske utviklings- og omstillingsarbeidet som har starta opp, på sikt også vil bidra til fleire og meir robuste arbeidsplassar.

Med helsing



Frida Melvær  
Ordførar



Håkon Loffheim  
Rådmann